



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Mentor AS
Postboks 200
6801 FØRDE

Deres ref

Vår ref

13/292-9

Dato

19.12.2013

Statsbudsjettet 2014 - Oppdragsbrev til Mentor AS

Referansenr. 502209, 502210 og 501030.

1. Innleiing

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) viser til kontraktar mellom KRD og Mentor AS av 15.10.2010 og tilleggskontrakt av 10.10.2012. Gjennom desse tre kontraktane har departementet delegert forvaltningsmynde og oppgåver knytte til Merkantilt kompetanseprogram for utkantbutikkar (Merkur-programmet) og investeringsstøtteordning for utkantbutikkar og støtteordning for å styrkje drivstofftilgangen i distrikta. I brev av 28.10.2013 blei kontraktane mellom KRD og Mentor AS forlenga med eitt år.

Departementet stiller i 2014 til disposisjon inntil 4 millionar kroner til drift av Merkur-programmets sekretariat og styre, og til forvaltning av investeringsstøtteordningane. Departementet stiller i 2014 over kap. 552, post 72 til disposisjon inntil 9 millionar kroner til Merkur-programmet og inntil 30 millionar kroner til investeringsstøtta for utkantbutikkar og støtteordninga for å styrkje drivstofftilgangen i distrikta.

Det er ikkje høve til å overføre midlar mellom dei ulike utgiftspostane (tilskotsordningane og forvaltninga), utover det som er regulert i punkt 3. Ubrukte midlar frå kap. 552, post 72 kan overførast frå budsjettåret dei er løyvde til dei to fylgjande budsjettåra.

Kap.Post	Referansenr		Beløp
552.21	501030	Forvaltning av Merkur- programmet (sekretariatet og styret) og investeringsstøtteordningane	4 000
552.72	502209	Merkur-programmet	9 000
552.72	502210	Investeringsstøtta	30 000

Midlane skal nyttast i samsvar med Stortingets intensjon, jf. Prop. 1 S (2013 – 2014).

2. Forvaltning av tilskotsordningane

Departementet stiller i 2014 inntil 4 millionar kroner til disposisjon for Mentor AS over kap. 552, post 21 til forvaltning av Merkur-programmet og investeringsstøtteordningane. Desse 4 millionane fordeler seg slik:

- a) Utgifter til forvaltning av Merkur-programmet er regulerte i bilag 5 til kontrakt av 15.10. 2010. For 2013 stiller departementet inntil 2 millionar kroner inkludert mva. til disposisjon til dette. Fylgjande kostnadsoverslag er lagt til grunn for løyvinga:

Løn, kontor, adm. støttefunksjonar mm.	1 050 000 kr
Reise og opphaldsutgifter for sekretariatet	250 000 kr
Kostnader programstyret	380 000 kr
Mva. post 1 og 2	320 000 kr
Sum	2 000 000 kr

Mentor AS kan gjere mindre omdisponeringar innanfor dei einskilde punkta i kostnadsoverslaget.

- b) Forvaltning av investeringsstøtteordninga for utkantbutikkar er regulert i kontrakt av 15.10. 2010, og forvaltninga av støtteordninga for å styrkje drivstofftilgangen i distrikta er regulert i tilleggskontrakt av 10.10.2012. For 2014 stiller departementet inntil 2 millionar kroner inkludert mva., til disposisjon til forvaltning av desse ordningane.

3. Ordningane

3.1. Merkur-programmet

Departementet stiller i 2014 over kap. 552, post 72 til disposisjon inntil 9 millionar kroner til Merkur- programmet.

Hovudmålet for Merkur-programmet er å medverke til at daglegvarebutikkar i distrikta kan gje eit kvalitativt best mogleg tenestetilbod til folk i distrikta. Merkur- programmet skal bidra til å styrkje den butikkfaglege kompetansen og butikken si stilling i lokalsamfunnet. Kompetansetiltaka kan til dømes vere seminar og besøk av Merkur-konsulentar i butikkane. Ein viktig del av arbeidet i Merkur-programmet er å få ulike tilleggssoppgåver til butikkane, slik som til dømes Post i butikk, tipping, reiselivstenester og ulike offentlege tenester. Programmet arbeider også med å utvikle

samspelet mellom butikken og lokalsamfunnet. Merkurbutikkane skal leite etter samarbeid med andre lokale utviklingsaktørar, med sikte på å vidareutvikle butikken og bygda.

3.2. Investeringsstøtteordningane

Departementet stiller inntil 30 millionar kroner til disposisjon i 2014 over kap. 552, post 72 til investeringsstøtte og utviklings- og aktivitetsstøtte for utkantbutikkar og til investeringsstøtte for å styrkje drivstofftilgangen i distrikta.

3.2.1. Investeringsstøtta og utviklings- og aktivitetsstøtte for utkantbutikkar
Investeringsstøtte skal gå til reine investeringar i butikkane.

Utviklings- og aktivitetsstøtte skal i hovudsak gå til marknadsaktivitetar, mobiliseringstiltak, kompetansetiltak og tilrettelegging for tilleggsfunksjonar ut over vanleg butikkdrift.

Fordelinga mellom desse to ordningane kan vere fleksibel sett i høve til søknadene som kjem inn, men maksimum 5 millionar kroner per år kan nyttast til utviklings- og aktivitetsstøtte.

3.2.2. Investeringsstøtte for å styrkje drivstofftilgangen i distrikta
Investeringsstøtta skal trygge drivstofftilgangen i dei mest perifere distriktsområda. Ordninga skal medverke til naudsynt oppgradering av eksisterande anlegg knytte til daglegvarebutikkar, eller støtte etablering av nye drivstoffanlegg.

Departementet opnar for at delar av desse midlane kan nyttast til ei generell styrking av Merkur-programmet, mellom anna til prosjektet "butikken som sosial arena".

4. Evaluering av Merkur- programmet og investeringsstøtteordningane
Departementet gjennomfører no ei evaluering av Merkur- programmet. Møreforsking har fått dette oppdraget. Evalueringa sitt føremål er å skaffe kunnskap om resultateffektivitet og forvaltningseffektivitet for satsinga for utkantbutikkar. Evalueringa skal nyttast til å vurdere innretting og omfang på vidare innsats for utkantbutikkar. Vi legg opp til ein tett dialog med styret for Merkur- programmet og Mentor AS når evalueringa ligg føre.

5. Regelverk for tilskotsordningane og rutinar for forvaltninga

Forvaltninga av midlane skal vere i tråd med økonomiregelverket i staten kapittel 6, lov om offentlege anskaffingar, forvaltningslova, offentleglova, arkivlova og rekneskapslova, bokføringslova, EØS-regelverket om statsstøtte, retningsliner for kap. 552, post 72, og retningslinene for dei einskilde ordningane som er omtala i punkta ovanfor.

5.1. Fastsetting av regelverk for ordningane

Det er utarbeidd regelverk for ordningane i dialog med Mentor AS og styret for Merkur-programmet. Departementet fastset regelverka. Endringar i regelverket skal godkjennast av departementet. Når evalueringa av Merkur-programmet ligg føre våren 2014, vil vi vurdere om det er naudsynt med justeringar i regelverka for investeringsstøtteordningane.

Midlane som er stilt til disposisjon i tilskotsordningane som finansierast frå kap. 552, post 72 skal nyttast til direkte tilskot til tiltak i butikkane.

6. Rutinar for forvaltninga av ordningane

Forvaltninga skal vere mest mogleg ressurseffektiv. Det skal vere etablert intern kontroll hjå tilskotsforvaltaren som sikrar korrekt sakshandsaming i alle fasar, jf. krav til intern kontroll i kap. 6.3.8.1 i økonomiregelverket. Ut frå ei vurdering av risiko og kor vesentleg det er, må tilskotsforvaltaren kontrollere at sakshandsaminga og rapporteringa er korrekt, at midlane kjem det bestemte føremålet til gode, og at misleg framferd og økonomisk kriminalitet blir førebygd og avdekt.

Tilskotsforvaltaren skal ha skriftlege rutinar for forvaltninga av ordningane. Desse skal gjere greie for interne sakshandsamingsrutinar, arkivering etter gjeldande lov og forskrifter, utbetaling, oppfylging og kontroll av tilskotsmottakarar og eventuelt rutinar ved tilbakebetaling frå ein tilskotsmottakar. Det skal vere utarbeidd malar for brev som blir sende til tilskotsmottakarane.

7. Rapportering og oppfølging

7.1. Årsrapport

Mentor AS skal utarbeide ein årsrapport for 2014 og oversende denne til departementet innan 1.3.2015.

Vi ber om at årsrapporten gjer greie for aktivitetar og resultata av aktivitetane i året som er gått. Årsrapporten bør så langt det lar seg gjere gje ei skildring av korleis tildelingane er fordelt på dei ulike tilskuddsordningane og geografisk nedslagsfelt.

Vi er særleg interesserte i vurderingar av kva slags aktivitetar som har gjeve positiv utteljing, og korleis ein best kan nå positive verknader for butikkane og lokalsamfunna.

Årsrapporten bør i tillegg innehalde ein kort tilstandsrapport av den intern- kontrollen som er etablert for tilskotsforvaltninga. Departementet ber om at gjennomførte risikovurderingar og eventuelle tiltak for å redusere risiko også blir lagt ved årsrapporten.

Årsrapporten skal innehalde eit årsrekneskap for midlane Mentor AS forvaltar på vegne av departementet og vederlag for forvaltningsoppgåvene. Rekneskapet skal utarbeidast i tråd med rekneskapslova og bokføringslova. Rekneskapen skal førast slik at det gir

oversikt over kva aktørar og tiltak som har fått tilsegn om midlar, og kor mykje dei har fått.

Årsreknskapet skal vidare innehalde ei oppstilling som viser forvaltningskostnadane fordelt på kvar tilskotsordning i form av ein note. For Merkur-ordninga skal denne nota settast opp slik at dei rekneskapsførte beløpa kan samanliknast med kostnadsoverslaget frå departementet, jf. tabellen på side 2. Same oppsett kan tilpassast og brukast for rapportering av forvaltningskostnader knytt til dei andre tilskotssordningane. I tillegg skal det for investeringsstøtteordningane gis ein oversikt over tilsegn som er gitt, utbetalingar og ubrukne midlar.

Årsrekneskapen skal revisorstadfestast i tråd med internasjonale revisorstandardar.

7.2. Halvårsrapport

Vi ber om at Mentor sender ein halvårsrapport per 30.06.2014 til departementet innan 15.08.2014.

Halvårsrapporten skal gi ein oversikt over forvaltningskostnadane per 30.06.2014, fordelt på dei to investeringsstøtteordningane og Merkur-programmet. I tillegg skal det vere ei oversikt over tilsegn, kva som er utbetalt og kva som står att innan investeringsstøtteordningane.

7.3. Styringsdialog, rapportering og formidling av resultat

Frå 2014 innfører departementet halvårlege styringsmøtar mellom departementet og Mentor AS og styreleiar for Merkur-programmet. Styringsmøta vil bli baserte på dialog om aktivitetane i Merkur-programmet og investeringsstøtteordningane og resultata av desse. Vi legg opp til eitt møte i mars/april og eitt i september/oktober. Vi tek sikte på å avhalde styringsmøta i tilknytting til styremøta i Merkur-programmet. Vi kjem attende til konkrete datoar for styringsmøta.

Styremøta for Merkur-programmet: Mentor AS skal sende styreprotokollane til departementet etter kvart styremøte. Både departementet og Mentor AS kan be om møte for å avklare strategiske spørsmål om dei ser trong for det.

Formidling av resultat: Mentor AS skal orientere departementet i god tid før offentliggjerjing av Merkur-relaterte rapportar eller saker som kan ha interesse for departementet. Dette gjeld særleg i saker som kan skape stor offentlig merksemd.

Departementet vil at Mentor AS skal synleggjere bruken og resultata av Merkur-programmet og investeringsstøtteordningane. Departementet ber om at resultata som Merkur-programmet og investeringsstøtteordningane oppnår, blir aktivt formidla til media og til relevante distriktskommunar.

8. Overføring av midlar og tilbakebetaling

8.1. Overføring av midlar

Overføring av midlar frå departementet til Mentor AS vil skje på ulike måtar ut frå om det er tilskotsmidlar Mentor AS forvaltar på vegne av departementet, eller om det er tenester departementet kjøper av Mentor AS.

Eventuelle opparbeidde renter skal tilfalle dei respektive ordningane.

Merkur-programmet: Departementet vil utbetale midlane etter kvart som det er trong for å dekke aktuelle utgifter. Midlane blir utbetalte frå departementet i fire terminar. KMD overfører midlar 1.3.2014, 1.6.2014, 1.9.2014 og 15.11.2014. Før siste utbetaling ber departementet om ei utgreiing for endeleg behov i 2014. Føremålet er å redusere eventuelle overføringar mellom budsjettår.

Investeringsstøtteordningane: Departementet vil betale ut til Mentor AS etter behov for utbetaling til tilskotsmottakaren. Overføringa skjer på bakgrunn av utbetalingsoppmoding med oversikt over gjevne tilsegner, kor lenge tilsegna varer, og uteståande utbetalningar. Mentor AS skal først utbetale midlane til tilskotsmottakaren etter at investeringane er gjennomførte.

8.2. Kjøp av tenester

Utbetaling av midlar til godtgjering av oppgåvene Mentor AS og styret har teke på seg skjer etter faktura. Godtgjeringa skal skje i tråd med kontraktane av 15.10.2010 og tilleggskontrakt av 10.10.2012. Mva. for dei ulike utgiftspostane skal gå tydeleg fram. Forvaltning av Merkur-programmet og styret skjer etter fastpris, jf. kontrakten av 15.10.2010. Når det gjeld arbeidet med investeringsstøtteordningane, skal fakturaene innehalde oversikt over kor mange timar som har gått med.

Om ikkje anna er opplyst, vil midlane bli utbetalte til kontonummeret som står i kontraktane.

8.3. Tilbakebetaling

Tilskotsmidlar det ikkje er gitt tilsegn på, midlar kor tilsegna har falt bort eller midlar som tilbakebetalast frå tilskotsmottakar til Mentor AS skal tilbakebetalast til KMD når perioden midlane kan overførast har gått ut, (budsjettåret pluss to år).

Desse midlane kan ikkje gjenbrukast i ordningane.

9. Kontroll

I medhald av § 12 Lov om Riksrevisjonen og § 10 i reglementet for løyvingar tek vi atterhald om at Riksrevisjonen og departementet, eller den vi utnemner, har høve til å setje i verk kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadene. Mentor AS og styret for Merkur-programmet pliktar å gje dei opplysningane som blir krevde.

10. Forholdet til styret

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har avgjort at det skal utarbeidast mandat for Merkur-programmet som slår fast kva som er styrets rolle og oppgåver og høvet til sekretariatet for Merkur-programmet. Mandatet er under utarbeiding og KMD tek sikte på at det skal tre i kraft i løpet av 2014. Frem til mandatet ligg føre skal noverande arbeidsdeling vidareførast. Vi legg ikkje opp til større endringar i høve til dagens praksis. Mandatet skal bidra til å tydeleggjere høvet mellom styret og sekretariatet.

11. Kontraktsperioden

Drifta av Merkur- programmet og investeringsstøtteordningane vert lyst ut i ein open konkurranse. Kontrakten med Mentor AS gjeld til og med 31.12.2014. Det inneber at kontrakten vil bli lyst ut på nytt i 2014. Vi tek sikte på å lyse ut konkurransen før sommaren med avgjerd om kven som får oppdraget hausten 2014.

12. Aksept av vilkår

Vi ber Merkur- programmets styre og Mentor AS om å gje skriftleg svar på om dei godtek vilkåra i dette brevet.

Med helsing

Hallgeir Aalbu (e.f.)
ekspedisjonssjef

Knut Ove Nordås
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Kopi til:

Riksrevisjonen

Postboks 8130 Dep

0032 OSLO